

Søndagsskulen



*Historikk om søndagsskulane
i Kvinnherad*

Uskedalen Haugland og Musland krins

Jenny og Monrad Hilland, som budde på det sørste av Gravenebruka, dreiv søndagsskule i øvste krinsen. Ho hadde tidlegare arbeidd som lærarinne.

Lærar Andreas A. Haugland som skulte i krinsen i mange år, dreiv og søndagsskulearbeid. Han hadde hjelp av nokre unge jenter: Hildur J. Haugland (gift Fjose) og Torunn L. Haugland (gift Kjærland). Dei hjelpte til med opplesing og anna.

Lærar Sigurd L. Haugland (d.e.) kom så til krinsen. Han heldt søndagsskule til krinsen vart nedlagt i 1967, og borna frå den øvre krinsen vart førde over til Uskedalen søndagsskule.

Uskedalen krins

Uskedalen søndagsskule vart offisielt starta i 1914 (1916?), men truleg har det vore halde søndagsskule før denne tid. *)

I møteboka til Uskedalen sokneråd 1953-70 finn ein på side 6: «*Den 5. des. 1954, barnegudsteneste v/pastor Erlandsen. Offer til søndagsskulen. 40 års høgtid for søndagsskulen i Uskedalen.*» Om det finst noko skriftleg eller arkiv om dette, veit ein ikkje av. Truleg har det nok vore halde søndagsskule nokså jamt føre desse 40 åra.

Søndagsskulen heldt først til i Uskedal (gamle) skule, bygd

ca 1900. Etter at nyeskulen kom, flytta dei til bedehuset. Det var samling kvar søndag (i skuleåret) det ikkje var gudsteneste. Born som møtte var mest skuleborn med yngre søskene.

Mellom dei som var med i søndagsskulen den første tida var: Lærar og kyrkjesongar Jørgen Thunold, som kom til bygda i 1867. Berje Haugen Feet, Knut T. Myklebust (reiste til USA) og småbrukar Per Rindo Døssland.

Seinare kom to kvinner med: Guro Haugen (kona til Helge Haugen) og Ingjeberr Rindo (kona til Per Rindo).

Dei hadde og eit blad. Det heitte visst «Duen».

Torgeir Døssland vart og med seinare.

(Fortalt av Samson J. Stensletten, d. ca 1963)



Lærar Omvik

Lærar og klokkar Johan Omvik kom til Uskedalen krins i 1922. Han heldt søndagsskule i mange år.

Småbrukar Nils O. Myklebust var stø medarbeidar.

Bonde A.T. Myklebust og Kari Bringedal (Haugland) var stundom med.


Lærar Jon Holte heldt fram etter Johan Omvik. Då

han flytta, tok lærar og bonde Peder Kjærland over søndagsskulen. Han hadde noko hjelp av mellom anna Samson J. Stensletten, Selma Bakke (Eik), Målfrid L. Haugland (Vågen).

Frå hausten 1979 til hausten 1986 låg arbeidet nede, mellom anna fordi borna fekk så mange tilbod, og søknaden til søndagsskulen vart svært låg.



Kari Bringedal



SØNDAGSSKULEVETERAN

Frå venstre: Peder Kjærland, Torunn Kjærland og Inger Anne Leite

Den 28. september 1986 kom søndagsskulen i gong att, med mange nye medarbeidrarar.

Desse vart med som leiarar:

Peder Kjærland, Nelly og Jon Harald Kjærland, Anne Kristine Christiansen, Karianne Haugland, Liv og Jarl Brosstad. Det har veksla noko med leiarar desse åra etter ny oppstart. Anne Kristine Christiansen har slutta. Margareth Haugland, Solbjørg Haugland, Hildegunn Haugland og Lill Myklebust har alle vore med i periodar.

I dag har søndagsskulen desse leiarane:

Peder Kjærland, Jon Harald Kjærland, Anne Kristine Christiansen, Liv H. Brosstad og hjelpeleiarar Kjersti Christiansen og Anne Silje Leite

Det var i 1994/95 innmeldt 18 born i Uskedalen søndagsskule

*) Peder Kjærland fekk for ein del år sidan ei liste av Samson J. Stensletten. Ho lydde såleis:

„Dei som var med i sundagsskulen den fyrste tidi var: Jørgen Thunold (1852-1927), Berge Haugen Fet (1802-1900), Knut Myklebust (1811-1895)?, Per Rindo Døssland (1825-1901). Torgeir Døssland (1841-1904)? vart med seinare. Sameleis to kvinner: Guro Haugen (1836-1907), kona til Helge Haugen, og Ingjeberr Rindo – kona til Per Rindo Døssland. Dei hadde og eit blad. Det heitte visst „Duen“.